
Oddbjørn Hauge

MINNEORD

ODD ARNE HARAM

GUNNAR STØRSET



Oddbjørn døde 5. juli 2025 etter lengre tids sjukdom.

Han vart fødd i Malmefjorden 1. oktober 1945. Han bestemte seg tidleg for å bli lege og overlét farsgarden til ein yngre bror. Utdanning fekk han i Göttingen, der han også møtte Tove, som seinare utdanna seg til nevrolog. Oddbjørn tenkte først å bli kirurg, men bestemte seg for radiologi. Det var nevrordiologi som lokka mest, inspirert av mellom anna Johannes Digranes, som hadde starta opp med carotisangiografi og luftencefalografi ved Molde sjukehus så tidleg som i 1960. Etter nokre år som assistentlege i Molde, vart det knapt fire år ved Ullevål sjukehus (1978–82), hovudsakleg nevrordiologisk seksjon. Der fekk han ære for utviklinga av ein teknikk for epidurografi, og han publiserte fleire vitenskaplege artiklar om spinale tilstandar.

I 1983 flytta han og Tove med deira tre gutar tilbake til Molde, og her vart han tilsett som avdelingsoverlege/avdelingssjef ved Molde sjukehus, ei stilling han hadde i 32 år fram til han gjekk av med pensjon i 2015. Oppfølging av doktorgradsarbeid vart det for lite tid til i ein travel kvardag som leiar og som radiolog i vakt.

I hans tid som avdelingssjef vart nye modalitetar innført: ultralyd, CT og MR. Alt nytt utstyr kravde ombygging og påbygging av sjukehuset. Det var som regel krevjande og langvarig saksgang. Her kom Oddbjørn sitt pågangsmot, optimisme og store tolmod godt med. Hans innsats, også i periodar som leiar for legerådet og som sjeflege ved sjukehuset, gjorde at både avdelinga og andre fagområde kunne utvikle seg. Særleg god var samhandlinga med nevrologisk avdeling, der Tove var avdelingssjef.

Rundt tusenårsskiftet var han ei sterk drivkraft bak innføringa av eit felles digitalt røntgensystem i Midt-Noreg. Det vart eit stor framsteg for radiologien i landsdelen.

Som leiar og radiolog var han med å skape ei haldning om å gjere kvarandre gode og utfylle kvarandre. Han stilte alltid opp med hjelp ved vanskelege prosedyrar, han var ein god lærermeister, og han sa sjeldan nei til bytte av vakter. Mange har starta sin karriere som radiolog ved denne avdelinga, som etter 1996 også inkluderte Kristiansund sjukehus.

Det er med sorg vi har kjent til at Oddbjørn var mykje sjuk dei siste åra av si pensjonstid, han som aldri var borte frå arbeidet. Våre tankar går til Tove og familien. Vi som fekk arbeide i lag med Oddbjørn minnes han med stor glede. Fred over hans minne!

Publisert: 24. september 2025. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.25.0550
Opphavsrett: © Tidsskriftet 2026 Lastet ned fra tidsskriftet.no 24. juni 2026.